

Færøysk i vestnordisk språkhistorie


Helge Sandøy

1. Innleiing!

I den historiske språkvitskapen ønskjer ein å avsløre eigenskapar ved fenomenet språk med å prøve å forstå språkendingar. Endringane i færøysk gir oss interessant materiale å bryne oss på, og dette øyspråket aktualiserer det stadige spørsmålet om kva som kan vere utvikla i isolasjon, og kva under kontakt.

Det er fleire måtar å oppfatte språkendingar på. Ein kan tolke dei som resultat av indre styring, dvs. at det finst premissar i språket sjølv for korleis det endrar seg. Slik språkutvikling i isolasjon kan vi illustrere på denne måten:


Figur 1:



Når det same fenomenet oppstår i fleire av språka, blir det grunnitt med argument om 'felles nordisk artikulasjonsbasis' (eller: "tungestillet og munnlaget", jf. Indrebø 1951: 267), 'naturlegheit', 'predisposisjonar' (Grønvik 1998: 77 og Haugen 1970: 54) og 'universelle parameter' (Nordgård/Áfarli 1990: 105–112).

Ein alternativ teori byggjer på idéen om at språkendingar skjer ved kontakt. Etter denne teorien ligg det nær å teikne ein modell med grunnlag i den gamle bølgeteorien (Schmidt 1872), med ringar som spreier seg utover frå eitt eller fleire sentrum:

Figur 2:



Nedafør skal eg prøve ut desse to teoriane med å sjå på konkrete språklege likskapar og drøfte kva som er ei rimeleg tolking av dei – først språkleg og så med utgangspunkt i historiske data.

Den konkrete innsikta vi kan skaffe oss i dette spørsmålet, vil sjølv- sagt hjelpe oss å forstå meir av færøysk kultur- og språkhistorie, men ho vil også styrkje den allmenne innsikta i interne og sosiale eigenskapar som språk har.

2. Metodiske premissar

Konklusjonen i denne artikkelen vil bli at det må ha vore større kontakt mellom Noreg og Færøyanne enn det er vanleg å rekne med (Hreinn Benediktsson 1962, Grønvik 1998: 77, Torp 2000: 420ff.). For å gjere det tydeleg kvar slike ytre krefter *må* ha spela ei rolle, skal eg i strukturtesten i seksjon 4 nedafør gå nokså langt i å "reindyrke" dei språklege premissane, for på den måten å vise i kva tilfelle dei aleine gir tilstrekkeleg forklaring på fenomenene, og i kva ikkje. Slik kan ein få presist fram korleis dei ytre kreftene aleine eller i samspel med dei indre er årsak til observerte endringar. Den presise diskusjonen om nødvendige og tilstrekkelege vilkår er nok i dag lettast å føre for dei indrespråklege faktorane. Der er teoriane best utvikla. Men det finst spirar til teoriar og generaliseringar også om ytre påverknadsfaktorar.

3. Samfunnstype og språkending

Sosiologivisten Peter Trudgill har levert bidrag til spørsmålet om korleis samfunnstypar verkar inn på språkendingane. Han har også kommentert færøysk. Hans påstand er at færøysk i samanlikning med norsk er eit meir isolert samfunn prega av tette nettverk (1992: 204); eit slikt samfunn fører til større konservatisme, og når det oppstår fonologiske endringar, kan dei vere svært radikale og "unusual". Konservatismen finn han stadfesta i morfologien, som i det at den færøyske substantivbøyinga har fleire kategoriar og klassar enn den norske. Dei spesielle utviklingstrekk i fonologien illustrerer han med skjeppinga: At norønt *kíu* blir til *kúgv*, er unormalt! På grunn av dei tette nettverka blir slike endringar gjennomførte i heile samfunnet svært raskt.

Trudgill viser til parallellar i andre språksamfunn, og slik han legg det fram, verkar det sannsynleg. Men hypotesane hans er samtidig svært generelle og dermed vanskelege å kritisere. Tanken om dei tette sosiale nettverka, som har vore ein viktig teori siste generasjonen pga. arbeida åt James og Lesley Milroy (jf. L. Milroy 1980 og J. Milroy 1992), kan for lett brukast til å forklare svært ulike forhold.

Men det ligg interessante perspektiv i det Trudgill gjer med å generalisere over samfunnstypane, for i den grad generaliseringane med tida kan bli presise og godt empirisk underbygde, kan sosiologivistikken begynne å få eit teoretisk innhald som gjer han i stand til å sannsynleggjere samanhengar i den fortida vi ikkje har sosiologivistiske data frå.

Samfunnsvilkåra for språkending kan òg framstillast slik: Samanliknar vi det islandske og færøyske språksamfunnet, er det to forskjellar som er interessante. Island har vore maksimalt gravgrendt ned gjennom historia, og språket har utvikla minimalt med dialektar. Færøyanne har mange markerte dialektforskjellar, og folket har budd i klårt avgrensa landsbyar, eller bygder som det heiter her. Historikarane har komme til at det på Island frå mellomalderen og framover var 7–10 personar i gjennomsnitt på kvar gard – som i praksis vil seie i kvart vesle språksamfunn (Magnús Stefánsson u.å.: 4). På Færøyanne var folketallet frå mellomalderen til nærare 1800 om lag 5000, og deler ein dette talet på om lag 40–50 bygder eller kyrkjelokner², blir det 100–125 menneske per språksamfunn. Desse kyrkjeloknene eller bygdene på Færøyanne har nokså tett eller samla busetnad, og dermed utgjer dei ein type landsbysamfunn. Landsbyane skaper tette nettverk der alle kjenner alle, og dei skaper mangfatta (multi-

plekse) nettverk som det heiter, dvs. at folk kjenner kvarandre frå mange sosiale samanhangar. Dette kan gi grunnlag for stor homogenitet i språket innafør landsbyen, og det er som Trudgill seier, slik at det nye kan spreie seg fort til alle. Dessutan er det i ein landsby vilkår for nydanningar, for dei unge språkbrukarane er mange nok til å utvikle nye språkdrag utafor kontrollen åt dei vaksne. Dei kan fungere som ei lita subgruppe seg imellom. På Island var jo nettopp dét uråd, for på einbølte gardar vil dei eldre generasjonane kunne ha full kontroll over språket åt den oppveksande generasjonen. (Sandøy 1977: 78ff.)

Her kan vi altså skimte ein sosiologivistisk forklaringsmåte for graden av endring. Språket utviklar seg når folk bur tett, ikkje når dei bur isolert. Dette kan vi seie blir støtta av dei sterke språkendingane som særpregar dansk språkhistorie. Danmark var samansett av det ein kunne kalle isolerte landsbyar til kring 1800 (Pedersen 1991: 59ff.). Seinare har utviklinga teke ein annan veg der, som vi veit. Eg trur vi ville ha fått stadfesta det same i Sverige. Noreg ligg truleg midt mellom når det gjeld samfunnstypp; det landet er nokså grisgrendt, men har likevel grender.

Poenget i det historiske resonnementet om det færøyske språksamfunnet er at det har gitt gode sosiale vilkår for språkending. Det vil seie at det har ein sosial struktur som kan fange opp og spreie individuelle innovasjonar og gjere dei til nye dialektdrag. Landsbyane kan òg vere samfunn som har behov for lokale kjennemerke pga. såkalla naboopposisjon (Larsen 1917, Trudgill 1986: 69ff.), og det gir vilkår for å utvikle dialektærdrag.

Så langt har vi vore opptekne av *spreiingsvilkåra* for eit nytt språkdrag – altså vilkåra for at endringa blir fullført og gjord til ei ny språknorm i samfunnet. No kjem vi til det viktige punktet i historisk språkvitskap: Kva er opphavet til sjølvne *innovasjonen* – altså før han spreier seg? Her har vi to forklaringsmåtar:

- 1) *Kontaktinnovasjon*: Gjennom kontakt etterliknar ein språkdrag frå eit anna språksamfunn.
- 2) *Språkintern innovasjon*: Som språkbrukarar produserer vi stadig variasjonar eller ei mengd feil i forhold til den internaliserte grammatikken. Noko av denne variasjonen blir fanga opp og repetert både av ein sjølv og av andre, dvs. etterlikna av andre, anten fordi ein viss variant kan tene eit sosiologivistisk formål, eller fordi han tilfredsstillar betre strukturelle behov i språksystemet.

Det strukturelle behovet kan liggje både i den abstrakte struktureinga av eigenskapar å la det Hreinn Benediktsson (1970) så elegant viser for islandsk, nemleg at endringa av lang \emptyset til lang æ i islandsk midt på 1200-talet førte til ei utvikling som gav delabialisering av ʏ som logisk konsekvens. (Delabialiseringa var truleg ikkje gjennomført før på 1700-talet.) (Hreinn Benediktsson 1971: 93f.). (Det som skjedde på 1200-talet var at det fonologiske draget +runding i vokalsystemet rykte ned i hierarkiet av distinktive drag, og dermed kom det meir i faresonen for å falle heilt ut.) Men det strukturelle behovet i eit språk kan også grunnngivast på andre måtar. Det kan f.eks. oppfattast som preferansar eller parameter i den biologiske språkevna vår.

4. Strukturtesten

Eg skal no gi illustrasjonar på korleis ein kan drøfte og teste kontakt eller intem innovasjon heilt konkret innafør alle nivåa i språkbeskrivinga. At eg er norsk dialektolog, skin sjølvsagt igjennom i materialframlegginga, men angrepsmåten skal kunne vere generell.

4.1. Fonologi

Eit gammalt interessefelt innafør nordstikken er dei vestnordiske lydendingane i mellomalderen, som er meir eller mindre like i vestnorsk, færøysk og islandsk. Etter at Kenneth Chapman fekk på pukkelen for boka si frå 1962 om *Icelandic-Norwegian Linguistic Relationships*, blei det stilt ei tid om desse spørsmåla. Forsøka hans på å forklare utviklinga som resultat av "social intercourse between the two areas" (s. 24) blei sterkt imøtegått, sterkast av Hreinn Benediktsson (1962), som meinte at alle endringane Chapman drøfta, kunne forklarast ved hjelp av "innyi einkenni málkerfisins" (= dei indre særdraga i språket). Etter mitt syn var Hreinn altfor negativ til den alternative innfallsvinkelen.

Heile problemstillinga kan illustrerast med denne oversikta over ein del språkendingar:

Figur 3:

K=konsonant

	Islandsk	Færøysk	Sørvestnorsk
Hundretal			
900-talet			
1000-talet			
1100-talet	vokalendring framom <i>n + K</i> og <i>l + K</i>	vokalendring framom <i>l + K</i>	vokalendring framom <i>n + K</i> og <i>l + K</i>
1200-talet	$\acute{q} + \acute{a} > \acute{q}$ <i>fl, fn > bl, bn</i>	$\acute{q} + \acute{a} > \acute{q}$	$\acute{q} + \acute{a} > \acute{q}$ <i>fl, fn > bl, bn</i>
1300-talet	<i>ll, rl > dl</i> <i>mm, rn > dn</i>	<i>ll, rl > dl</i> <i>mm, rn > dn</i> vokalendring framom <i>ng, nk</i>	<i>ll, rl > dl</i> <i>mm, rn > dn</i>
1400-talet			
1500-talet			

Litt overdrive kan vi seie at det her går fleire hundreår etter landnåmet på Færøyane og Island utan at noko skjer, så begynner fleire sams lydovergangar i alle tre språka på 1100-, 1200- og 1300-talet, og deretter stoppar fellesutviklinga att. (Det skjer også meir enn dette, for eksempel går refleksivendinga *-sk* over til *-sr* i same perioden.)

Korleis kan da alle desse endringane bli utløyste på same tida i tre isolerte samfunn? Og korleis kan endringar gi same fonologiske resultatet i alle tre språka? Hreinn Benediktsson nøyser seg med ei generell førestelling og seier ikkje noko konkret om kva dei indre strukturdraga skulle vere. Det minner om den såkalla felles artikulasjonsbasisen, det diffuse omgrepet som f.eks. Indrebø refererte til. Einar Haugen legg seg i ein artikkel frå 1970 på linje med Hreinn og meiner han kan vise til at "there was a predisposition towards the innovation in Old or Common Scandinavian, usually in the form of an allophonic split" (s. 54). Dette er det mest presise og konkrete som er sagt teoretisk om den indrestrukturelle forklaringsmåten for vestnordisk. (Otto Höfler (1955–56) diskuterer spørsmålet generelt i samband med sin "Entfaltungstheorie".)

Ein kan leggje all godvilje til for å finne konkrete indrespråklege forklaringsmåter på enkeltfenomenen, slik som at det er ein allmenn tendens

- til diftongering av lange vokalar (som i f.eks. *bók* > [bou:k]) eller lågning av korte (som i *vít* > [vi:t] eller [ve:t]).
- til å skape større fonologisk kontrast i konsonantsamband av så sonore konsonantar som likvid + nasal (som i *barn* og *karl* > [badn, kadl] i norsk og > [badn, kadl] i færøysk), og
- til å erstatte kvantitetsforskjellar med kvalitetsforskjellar (som når *kalla* blir til *kadla* i vestnordisk, eller [ka:le] andre stader).³ (Jamfør òg Sandøy 1994, 1998.)

Tabellen i figur 4 kan illustrere arbeidsmåten og resultatet av slike godviljige tolkingar. Haken viser kvar ein kan finne a) ei indrespråkleig forklaring i strukturelt press for at noko skal skje i fleire språk, b) ei strukturell forklaring på at produktet av utviklinga er likt, og c) strukturelle argument for at utviklinga skjer på same tida.

Figur 4:

Endring	Same strukturelle presset/preferansen for endringa	Strukturelle argument for same fonetiske løysinga	Strukturelle argument for same tida for endringa
a) Diftongering/vokallågning	✓		
b) Differensiasjon av <i>m, r/l</i>	✓	÷	÷
c) Differensiasjon av <i>ll</i>	✓	÷	✓
d) Segmentasjon av <i>mn</i> etter lang vokal	÷	÷	÷

Som det går fram av tabellen, er det råd å finne strukturargument i dei første tre tilfella. Men så kjem berre minusteikn på den eine endringa, nemleg segmentering av lang *n*. Her er det uråd å sjå at det indrestrukturelle kan gi noka forklaring. Denne utviklinga er svært spesiell, og det er vanskeleg å sjå noko "naturleg" i henne. Hadde endringa gått den vegen som ho gjer i Ytre Hordaland og mye av norm (Barnes 1998: 17, 20 og 44f.), nemleg slik at alle lange *n*-ar blir segmenterte til *dn*, ville endringa vere

like indrespråkleg som segmentasjonen av lang *l*. Der heiter det nemleg *kadna* av eldre *kanna*, som ein parallell til *kadla* av eldre *kalla*. Slik er det altså ikkje i islandsk, færøysk og stordelen av sørvestnorsk.

Det som er felles for segmentasjonen i alle desse tre språka, er

- 1) at vokalismen framom må vere lang, og
- 2) at konsonantismen må involvere ei morfemgrense.

Derfor går altså ikkje *kanna* over til *kadna* i dette området. Korleis kan ein da forklare fonologisk noko så komplisert? Og enda viktigare for oss: Korleis kan vi forklare at utviklinga tek same retninga og skjer til same tida i alle tre språka?

Det er nokre småe variasjonar i denne overgangen: Regelen for endringa kan stillast opp i tre former som i figur 5 (der + representerer ei grense ved ei bøyingsending, dvs. ei morfemgrense, V = kort vokal, V: = lang vokal, DIFT = diftong):

Figur 5:

- A. Islandsk: $V:n+n > Vdn$
- B. Det meste av færøysk: $DIFTn+n$ eller $DIFT+ni > DIFTdn$
- C. Suðuroy og sørvestnorsk: $V:n+n$ eller $V:+ni > Vdn$

I meir prosaform betyr dette at islandsk krev at morfemgrensa går inne i den lange *n*-en, dermed blir *stein+n* til [stei:dn] i nominativ, men i dativ femininum blir f.eks. *á+nmi* 'elva' til [aun:i] fordi morfemgrensa går framom den lange *n*-en. I norsk og færøysk kan grensa gå både inni *n*-en og framom *n*-en; derfor får ein *stein+n* > [staidn] i norsk, *sein+ni* > [sai:ne] i færøysk, og *ey+nmi* > [øidne, øidne] i norsk og færøysk. Det meste av færøysk avgrensar slike overgangar til ord med diftong, dvs. at *ey+nmi* blir til [øidne], men *á+nmi* til [on:e]. Eit slikt skilje mellom monoftong og diftong spelar inga rolle i suðuroyarmål, islandsk og sørvestnorsk. Eksempel på desse endringane står i tabell 6.⁴

Figur 6:

Struktur:	Vnn	V:n+n	DIFTn+n	V:+ni	DIFT+ni
Norrønt	kann+a	hún+n	sein+ni	á+nmi	ey+nmi
Sørvestnorsk:	kanna	hú:dn	saidne	odne	øidne
Suðuroy:	kanna		saidne	odne	øidne
Færøysk elles:	kanna		saidne	onne	øidne
Islandsk:	kanna	húdn	seidni	aunni	einni

Etter å ha oppdaga at ei så komplisert lydleg endring er lik fleire stader, er det grunn for strukturlingvisten å resignere, og sosiolingvisten kan få høve til å leite etter ei kontakt-forklaring på utbreiinga og tidspunktet. (Men sjølvle innovasjonen blir framleis ståande som ei gåte. Og det er ikkje uvanleg.)

Når vi no har gjort opp det språklege bestikket, kan vi kikke over gjerdet åt historikarane. Da er det interessant å sjå at mens lingvistar har vore opptekne av isolasjonen for islandsk og færøysk, har historikarane interessert seg for kontaktane. Nettopp den perioden da dei endringane vi her er opptekne av, skjeddde, blir i islandsk historie kalla *norska öldin*, altså det norske hundreåret eller norsketida, og ho er nærare fastlagt til tida frå 1260 til 1400. Vi har færre detaljar frå færøysk historie, men færøysk treng ikkje ha hatt mindre kontakt.

Det var faktisk svært stort handelssamband denne tida. I gjennomsnitt gjekk 10 handelsskip per år til Island, kanskje 400–500 mann reiste med dei. Og handelsmennene hadde det ikkje travelt. Mange nordmenn slo seg til om vintrane, blei gifte der osv. Vi kjenner også historier om islendingar som budde lenge i Noreg. For eksempel sat både færøyingar og islendingar i Noreg og skreiv av handskrifter. Ein interessant forskjell på dei to øysamfunna er at islendingane hadde ingen båtar etter Snorre Sturasons tid; derfor blei dei avhengige av norske båtar. Færøyingane derimot var tydelegvis aktive sjølve i handelen; såleis handla færøyingen Greipur Ívarsson mellom alle tre landa (Debes 1995: 118).

Det er ikkje vanskeleg å tru at kontakten mellom landa ved både reiser, flyttingar og giftermål har vore så stor at språkdrag kunne spreie seg dersom samfunna elles var sosialt opne for å akseptere kontaktsituasjonar, og han nar. Peter Trudgill (1986) drøftar ymse typar kontaktsituasjonar, og han poengterer at innvikla fonologiske reglar neppe kan lærast ved tilpassing i voksen alder, ved det som blir kalla *accommodation* i sosiolingvistikken. Trudgill bruker det innvikla eksemplet Canadian Raising sjølv i drøf-

tinga si og meiner at slike endringar berre kan lærast av barn i den tida dei lærer språket på naturleg måte. Det vil seie at dei må ha eit språkleg førebilete i det sosiale nettverket sitt som gir nok inndata til læringsprosessen. Det normale er at det er foreldra. Konklusjonen på drøftinga vår av *mn* > *dn* er parallell: at spreinga av noko så innfløkt føreset flyttingar og kanskje giftarmål over grensene mellom dei tre vestnordiske språksamfunna. Kontakten mellom dei tre vestnordiske språksamfunna var så stor at det faktisk var både flyttingar og giftarmål.

Den fonologiske utviklinga i dei tre vestnordiske språka etter 1400 viser ikkje tydelege fellesdrag. Frå da av ser dei tre språka ut til å ha teke kvar si fonologiske retning, og dei blir stadig meir ulike. Når forskjellane blir større, blir kanskje òg påverknadskrafta mellom språka mindre. For islandsk er det dessutan klårt ut frå historiske data at kontakten med Noreg blei minimal etter 1400.

4.2. Morfologi

Morfologisk skjer det så lite i islandsk at det blir mindre interessant i studiet av endringar. Men færøysk og norsk utviklar mange nye trekk. Vi slår ned på nokre punkt:

a. *hesin* – *hasin*

Færøysk gjer forskjell på dei peikande pronomena (determinativa) etter om dei refererer til det nære eller det fjerne, altså likeins som *this* og *that* på engelsk: *Hetta hísíð* og *hatta hísíð*. Dei færøyske formene er i nominativ eintal og fleirtal slik:

	m.	f.	n.	m.	f.	n.
nær:	<i>hesin</i>	<i>hendat(n)</i>	<i>hatta(r)</i>	<i>hesir</i>	<i>hesar</i>	<i>hesi</i>
fjern:	<i>hasin</i>	<i>handat(n)</i>	<i>hatta(r)</i>	<i>hasir</i>	<i>hasar</i>	<i>hasi</i>

Eit tilsvarande system har stått så sterkt i norsk talemål at det er underleg at Aasen ikkje fann det verdt å ta inn i landsmålet. Han nemner systemet frå store delar av Vestlandet, Nordmøre, Trøndelag, Helgeland og Telemark (Aasen 1848: 163 [§ 258]). Det finst også i Salten (Brekke 2000: 95) og i Hallingdal (Venås 1977: 133f.). Vanlege former er:

	m. & f.	n.	flt.
nær:	<i>denne</i>	<i>dette</i>	<i>desse</i>
fjern:	<i>danna</i>	<i>datta</i>	<i>dassa</i>

Overgangane *p* > *h* i færøysk og *þ* > *d* i norsk blir rekna for lydrette i desse pronomena.⁶ Dermed blir både formlikskapen og likskapen i funksjon mellom det færøysk og det norske systemet for store til å vere tilfeldige, og vi kan neppe seie det ligg nokon klår strukturell preferanse for dette.⁷

Dermed er det igjen sannsynleg med kontakt. Derfor set vi to minusteikn i tabellen for dette fenomenet, jf. figur 7 nedafør under seksjon 4.4. Kor gammalt fenomenet er, er uklårt, og det fortener nærare historisk granskning.

b. *Sekundære preteritums-allomorfar*

Da færøysk og norsk miste *ð*-en, skapte det nokre morfologiske problem. For preteritumsendinga blei no ikkje så tydeleg markert. Det ser ein av f.eks.

eg fjóri og *eg fjórði*

som begge blir like når *ð*-en fell bort.

Bortfallet skjedde kring 1500 i færøysk, men truleg alt før svartedauden i nye av norsk (Indrebø 1951: 133, 227 og 236). Dette måtte "repareras", og ei naturleg løysing var å utvide området for *d*-en, altså *fjórði* på færøysk og *fórde* i norsk.⁸

Men reparasjonen skjedde også der han ikkje var heilt påkravd i færøysk:

eg spyrji – *eg spurði* > *eg spurdi*

Dette skjedde derimot ikkje i norsk, for her lét ein preteritumsforma vere som ho blei da *ð*-en fall:

spyr – *spurði* > *spør* – *spure* [spøre]

Ut ifrå eit minimumskrav fungerer denne bøyinga pga. stavingstalet og vokalskiftet i stammen.⁹ Færøysk har altså generalisert *d* etter *r* meir enn norsk og dermed fått meir gjennomskiktig morfologi i desse formene. (Dette kunne vi kalle 'systemforbetring'.)

Men færøysk har følgd same funksjonelle minimumskravet som i norsk i verb med skjerpning, som i desse to som her er viste med personbøying i eintal:

deyja – *døydeyr* – **deyði* – **deyð*¹⁰ > *doyggja* – *doyggi/doyrt/doyr* – *doyði* – *doyð*

bíta – *byr/byr* – *bitði* – *bið* > *búgva* – *búgvil/byrt/byr* – *bitði* – *bið*

På grunn av skjerpinga i infinitiv og presens er forskjellen på presens og preteritum stor nok i desse verba, sjølv om preteritumsformene utan konsonant i endinga (dvs. i uttalen [doy:ə, bu:wə]) ikkje gir særleg gjennom-siktig morfologi.¹¹

I verba som ikkje får skjerpning, bruker færøysk reparasjonsprinsippet, likeins som norsk, for elles ville ikkje bøyginga i 1. person fungere etter *ð*-bortfallet:

eg nái og *eg *náiði* > * *nái*

Derfor får færøysk *náiði* i preteritum.

Norsk og svensk fekk same forma utan at reparasjon var nødvendig i dei enkelte verba; men generaliseringa av alveolarsuffikset aukar sjølv-sagt gjennomskiktigheta i ein heil klasse. Den nye bøyginga blei innført i norsk faktisk så tidleg som før svartedauden (Indrebø 1951: 228), og ho er kanskje like gammal i svensk. Da var dei morfologiske reparasjonane og forbetringane alt i gang pga. *ð*-bortfallet der. For å gjere formene meir morfologisk gjennomskiktige er den nye endinga *-dde* innført allstad der verbet sluttar på trykktung rotvokal, altså både *búdde* og *náidde*. Fonotaktisk var kort *d* umogleg intervokalsk, derfor kom lang *d* i denne endinga etter stammevokal. Men vi kunne jo teoretisk sett også ha brukt den danske måten – dvs. med å føye til *-aði*: **náiði*, som etter *ð*-bortfallet i norsk og svensk ville gi **náa*, jf. *kasta*. Tilsvarende form i færøysk ville blitt **náiði*. Men det skjedde ikkje.

Her er altså ein del likskap i reparasjonane og forbetringane. Men reparasjonsmåtene var nokså naturlege innom kvart språk, for dei rimelege alternativane var *-ði*, *-aði* og *-ddi*. Likt val i færøysk, norsk og svensk er derfor ikkje heilt overraskande. Gjennomføringa i dei ymse klassane er noko ulik i færøysk og norsk/svensk, for ho er avhengig av dei strukturelle premisane i kvart språk (jf. *doyði* mot *náiði*). Strukturen må såleis her vere ei nødvendig delforklaring. Kontakt og påverknad er sjølv-sagt mogleg, men ikkje nødvendig i forklaringa. Dermed set vi i figur 7 nedafør hakar for strukturpress under både endingane og den morfologiske løysinga.

c. Blanda bøyging

Ein meir slående likskap mellom norsk/svensk og færøysk er det vi kallar blanda bøyging. I vanlege norske grammatikkar finn ein nesten ikkje omtale av bøyginga, i færøyske er det litt meir. Bøyginga blir oftast behandla berre som unnaksgruppe enda ho er fast i nokså mange verb. Typen er:

norsk:	<i>bruka</i>	<i>brukar</i>	<i>brukte</i>	<i>brukt</i>
færøysk:	<i>brúka</i>	<i>brúkar</i>	<i>brúkti</i>	<i>brúkt</i>

Det er tale om ein eigen klasse og ikkje berre at somme verb kan følgje to klassar slik at ein får tilfeldige kryssbøyingar. Ei bøyging som f.eks. *brúker* – *bruka* i norsk eller *brúkir* – *brúkaði* i færøysk finst ikkje.¹²

I færøysk skal eller kan desse verba bøyast med *-ar* og *-til-di* (saman-sette verb er ikkje tekne med):

bata, *bíla*, *brúka*, *dána*, *dána*, *feila*, *flyggja*, *gáa*, *knúsa*, *leika*, *mála*, *meina*, *muna*, *plaga*, *raka*, *ráma*, *ríða*, *rópa*, *rósa*, *rúma*, *sáa*, *saka*, *skáða*, *skapa*, *slúka*, *smíða*, *spáa*, *styðja*, *sveipa*, *tjena*.¹³

Dette er i alt 29 verb som må eller kan ha *kasta*-klassebøyging i presens og *døma*- eller *greiða*-klasse-bøyging i preteritum. (Vokalskifte har *ríða*, *styðja*.)

Eldste belegga i norsk er frå 1300-talet da *svarde* (i Tønsberg i 1348) og *hente* dukka opp (på Voss i 1384, jf. Seip 1952: 85); i svensk finn ein òg fenomenet før reformasjonen (Haugen 1976: 305). Og så altså i færøysk, som vi ikkje har eldste-datering for.¹⁴

Det er ikkje noka god forklaring innafor færøysk språkstruktur på opphavet åt denne bøyginga. I norsk og i svenske dialektar derimot finst det ei rimeleg forklaring, for da preteritumsendinga blei slipt ned i *kaste*-klassen, trongst reparasjon:

(h)*rósaði* > *rósae* > *rosa*

Preteritumsforma *rosa* fungerer sjølv-sagt dårleg, særleg i norsk, der *r-en* i presens også har falle i stordelen av landet. I sørvestnorsk blir dermed verbet likt gjennom heile bøyingsparadigmet:

rosa – *rosa* – *rosa* – *rosa*

Ei sekundær preteritumsform som *roste* er derfor velkommen:

rosa – *rosa* – *roste* – *rost*

Eit indisium på at dette resonnementet om systemreparasjon har noko for seg, er at dei dialektområda som har halde på *r*-en i presens, har mindre av blanda bøyning (dvs. Indre Ryfylke og Telemark, jf. Venås 1974: 94).

I dansk er det annleis, for etter at endingsvokalane blei reduserte til *e* kanskje alt på 1100-talet, var det inga motsetning mellom *-ar* og *-er* i presens, og dermed blir det heller ikkje tale om blanda bøyning når det kjem nokså mange overgangar til preteritum med *-te* på slutten av 1400-talet, endatil ekstreme tilfelle som *kaste* og *elskte* (Skautrup 1947: 56). Verba som skiftar preteritumssuffiks, går kort og godt over til *dømme*-klassen, og det er noko anna for da blir bøyingsklassane færre og ikkje fleire. *Kaste*-klassen i dansk var ikkje blitt mindre funksjonell, for suffikset *-ede* heldt på *ð*-en; ja, klassen blir jo etter kvar den heilt dominerande. (Heile 90 % av verba på slutten av mellomalderen går etter denne klassen, jf. Skautrup 1947: 54.)

Sterkaste behovet for den morfologiske reparasjonen var altså i norsk, og det kan sjå ut til at eldste belegga kjem nettopp derifrå. I norsk står bøyingstypen også svært sterkt geografisk i dag, dvs. heile Vestlandet, stordelen av Nord-Noreg og mye av Austlandet. Typen dominerer faktisk i det dialektområdet som skil mellom *-e(r)* og *-a(r)* i presens. Men talet på medlemmer i klassen av blanda bøyning skiftar mye frå dialekt til dialekt, frå ei handfull til kanskje fleire hundre. På Nord-Vestlandet er hovudmønsteret at stammen i verbet sluttar på enkel konsonant, altså verb som *rope*, *love*, *meine* osv. Om lag frå Sognefjorden og sørover aukar omfanget sterkt, for her kan stammen også slutte på ei konsonantgruppe, slik at ein får *dansa* – *danste* og endatil *fiska* – *fiske*.

I norsk er det gjennomgåande verb frå *kaste*-klassen som får denne reparasjonen. Vi ser at overgangen frå *kaste*-klassen er markert stor i det færøyske materialet òg, og dessutan gjeld overgangen berre for verb med ein konsonant i utgangen av stammen. Ettersom denne utviklinga ikkje kan motiverast godt i færøysk morfologi – for der var både presens og preteritum klårt skilde – kan ein spørje om færøyingane her er blitt inspirerte frå fastlandet. I så fall er det like sannsynleg med norsk som med dansk "smitte". Skulle dansk vore mønster for bøyinga, måtte ein òg spurt korleis færøysk fekk *-ar* og ikkje *-ir* i presens der dansk har *-er*, for bøyinga **feilir* – *feiliti* ville ha passa perfekt inn i færøysk.

Det er dessutan ei interessant tilleggsgruppe i materialet, nemleg importorda; dei fleste kjem truleg frå lågtysk: *brúka*, *feila*, *knúsa*, *slúka*. I staden for å gå inn i ein tradisjonell klasse, f.eks. *dømme*-klassen, som dei gjer i dansk, har dei altså gått til denne særgruppa. Dét også skjer i både norsk og færøysk, og kanskje alt da dei blei importerte; det vil seie i mellomalderen da kontakten med Noreg var stor. Deretter er mønsteret blitt produktivt i begge språka slik at det har drege til seg fleire verb, og derfor er det ikkje full overlapping mellom medlemmene i klassen i dei to språka.

Her har vi da eit tilfelle der språkstrukturen ikkje gir god nok forklaring, og vi bør vere opne for at det er tale om eit kontaktfenomen.

4.3. Syntaks

a. *Setningsadverbial* i *leddsetningar*

Innafor syntaksen har det skjedd ei mengd nyutviklingar i språka våre, og dermed er dei interessante å studere med tanke på om dei er resultat av indrespråkelege preferansar eller kontakt. Parameter-teorien innafor generativ syntaks er svært interessant fordi han gir eit presist innhald til det vi kan kalle indrespråkelege preferansar for utviklinga. Det mest kjende eksempelet på slik drøfting gjeld setningsadverbial som i moderne skandinavisk – men ikkje i dei gamle nordiske språkvariantane – kan flyttast framom finittet i leddsetningar, jf. f.eks. artikkelen av Höskuldur Þráinsson i denne boka. Islandsk held framleis på det gamle mønsteret, mens det verkar som færøysk er i ein overgangsfase til det nyare mønsteret. Eksempelet på dette i Lockwood (1955: 157) e:

- (1) Eg segði tað, at hann ikki skuldi havt nakað
- (2) Eg segði tað, at hann skuldi ikki havt nakað

Norske dialektar har fram til vår tid vore på same stadiet som færøysk, jf. for eksempel:

- (3) Dei måtte tilsetje ein fagmann fordi dei kunne ikkje greie seg åleine lenger.
- (4) Disse ungane i klassen min, som har ikkje lært seg gangetabellen enno, fortener ikkje ferie.

For mange nordmenn vil mønsteret med setningsadverbial framom finittet i setningane parallele til (3–4) vere ei markering av at påstandsinnhaldet i leddsetningar kom frå andre enn talaren, som altså ikkje går god for sanningsinnhaldet.

Jamvel om AGR-parameterteorien (Holmberg/Platzak 1989) – som dette leddstillingsfenomenet er ein del av – har møtt ein god del motbør (Barnes 1992), står likevel så mye igjen av han at det er mogleg å tolke data som uttrykk for ein strukturell preferanse slik at vi i denne velvillige laboratorieøvinga godtek han. Derfor kan vi hake av i figur 7 for strukturelle argument.

(Verken færøysk eller norsk er altså heilt slik den tidlege AGR-teorien tilsa, men det er klart at vi typologisk er på veg til å få eit nytt fast mønster for leddstillinga i leddsetningar. I ei eller anna form har kanskje denne parameter-teorien ei prediksjonsevne. Pedersen (1996) har vist at omlegginga frå gammalt til nytt mønster for adverbialplasseringa heller ikkje er avslutta i danske dialektar; Holmberg/Platzak (1989) reknar endringa til kring 1700 i svensk.)

b. *Supinumattraksjon*

Fenomenet kan illustrerast i norsk og færøysk slik:

- (5) Tað hevði verið so stuttligt at sloppið at hildið um eina gentu eina ferð. (Brú 1979: 27.)
- (6) Hon hevði hugsað bara um eitt, at sloppið at smakkað á jólakøkurmar.
- (7) Å kunna fólgt henne heim hadde vore draumen hans i lang tid.
- (8) Det kunna trunge (å) hatt ei jente til å sett etter smågutane.
- (9) Det kunne vore kjekt å prøvd å hjelpt honom å teke inn dei nye trollgarna.

Når hovudverbalet inneheld ein supinum, dvs. det partisippet som står etter *ha*, kan denne supinumen attrahere supinum i alle infinitta utover i heile setninga der vi elles ville venta infinitiv. Fenomenet er ukjent i islandsk, men derimot finst det i svenske dialektar, i alle fall i Jämtland.¹⁵ Om supinumattraksjon har funnest i dansk, er usikkert. Eg har ikkje fått danskar til å vedkjene seg slike konstruksjonar, men ein artikkel av Otto Jespersen frå 1895–96 har eksempel som kanskje kan tolkast som positivt svar. Likevel er det litt uklart, for det er eigentleg utviklinga av formelle verbale paratagme han tek opp, og det er noko anna, sjølv om det ser likeins ut akkurat i supinum.

Det er eit stort skandinaviske område som har supinumattraksjon (jf. kart i Sandøy 1991: 254). Når eg har testa slike setningar, ser det ut til at fenomenet er vidast akseptert der setninga uttrykkjer irrealis, som i dei fleste av eksempla ovafor. Her ligg nok truleg opphavet åt konstruksjonen, dvs. at han var ei erstatning for eldre konjunktiv. For det første klarer dét korfor islandsk ikkje har fått denne konstruksjonen, for det andre er det utbreidd i både norsk og svensk at supinum er brukt som erstatning for eldre preteritum konjunktiv, og for det tredje finst det også andre studiar (Larsen 1970 og Vannebo 1989) som viser at nettopp i irrealis blir ein del grammatiske distinksjonar oppheva, som f.eks. tempus. I vårt tilfelle er det distinksjonen mellom infinitiv og supinum som blir oppheva, fordi irrealis er i seg sjølv så sterkt markert. Når så konstruksjonen først er utvikla, får han utvida bruksmåte innafør kjerneområdet, som i norsk og færøysk, dvs. at han òg kan brukast utan irrealisinnhald, som i (10) jamført med (9):

- (10) Norsk: Vi har prøvd å hjelpt honom å teke inn dei nye trollgarna.
Færøysk: Og har hava teir altíð roynt at diptið grind.

Skal vi vere like velvillige overfor strukturelle preferansar her som vi var i den historiske fonologien, må vi seie at opphavet med konjunktiverstatning er godt nok til å forklare sjølvstendig opphav i alle språka, jf. avmerkinga i figur 7. Men det er likevel påtåkeleg at bruken er så sterk og lik i norsk og færøysk, som f.eks. i bruken utafør irrealisfunksjonen. Dessutan er ein restriksjon i bruken lik i dei to måla: Dersom vi ser for oss at dei infinitte formene i setninga dannar ei kjede utover frå hovudverbalet, vil ein infinitiv i kjeda hindre at supinum kan brukast lenger ut til høgre:

- (11) *Det kunne vore kjekt å prøve å hjelpt honom å teke inn dei nye trollgarna.¹⁶
- (12) Vit áttu at samtykt at farið longu í heyst at vált stjórn eftir hesum nýggju reglum.
- (13) *Vit áttu at samtykt at fara longu í heyst at vált eftir hesum nýggju reglum.

Det er svært vanskeleg å finne eksempel på konstruksjonen i litteraturen i skandinaviske, for der har han vore unnatengd. Heller ikkje Ivar Aasen likte denne konstruksjonen. Han gjer i *Norsk Grammatik* (1864: 306 [§ 324, Anm.]) oppmerksom på fenomenet, men synes det er ein

unødvendig konstruksjon. I færøysk har supinumattraksjonen fått god plass, sjølv om også Hammershaimb var negativ til han:

Eg finnist at, tá ið eg nú so ofta í føroyskum avisum síggi samansetningar av orðum, sum mál okkara ikki eigir at hava. t.d. "Føringat". "ú eingin ivast í at gjørt ser ta fyrtilöku" (eigir at vera: "gera ser"), "Fuglaframi 1899-6: "hava hjálpt til at bygt hana" – ("at byggja hana" ella "fáa bygt hana"). Tilíkar samansetningar, sum ikki hoyra málrum til, brúkast nú so ofta í tí, sum prentað verður, at tað er við at festast í tí og villa fólk til at taka slíkt rangt upp í talumálið. (Hammershaimb 1900: 27.)

Vi veit ikkje noko om kva tid denne konstruksjonen oppstod. I færøysk har ein dei gamle kveda som spennande kjeldetilfang; kanskje kan dei hjelpe oss å finne kva hundreår konstruksjonen dukkar opp i. I så fall kan færøysk gi nyttig informasjon til nordisk språkhistorie.¹⁷

c. Passiv infinitiv

Passiv-konstruksjonane har utvikla seg ein del etter norrønt i dei vestnordiske språka. Felles er det at ingen har passiv med *st*-form av det finitte verbet, jf. dansk: 'Varer udbringes om fredagen' og svensk 'Han begrovs i söndags'.¹⁸ I slike setningar må ein bruke hjelpeverb i norsk, færøysk og islandsk.

(14) Presens:

Islandsk: Hann er skotinn í dag
Færøysk: Hann verður skotin í dag
Norsk: Han vert skoten i dag.

Men norsk og færøysk (i tillegg til dansk og svensk, naturleg nok) kan bruke slike *st*-verb etter dei modale hjelpeverba i passiv, det kan ikkje islandsk:

(15) Ved modale hjelpeverb:

Islandsk: Það má skjóta hann
Færøysk: Hann kann skjótast
Norsk: Han kan skytast

Eg kan ikkje sjå at denne restriksjonen for passiv ved *st*-former har ei strukturell forklaring, dvs. at det skulle vere eit indre tildriv til å utvikle passiv berre her. Dermed kan det vere ope for å leite etter sosial kontakt som forklaring på spreingsområdet, jf. figur 7 i seksjon 4.4.

d. Passiv vending ved dativobjekt og styring til preposisjon¹⁹

Avviklinga av dativ kan sjå ut til å gå stegvis, og her er færøysk til hjelp når ein skal forstå mellomstege mellom det norrøne og det nyaste skandinaviske utan dativ. Stadia kan framstillast slik:

A. Subjektlyfting av dativobjekt:

Her kan færøysk få dativobjektet gjort om til subjekt i nominativ i passivsetningar, jf. (16–17):

- (16) Bilstjórin steðgaði bussinum.
(17) a. Bussurin varð steðgaður, áðrenn hann fór oman av vegnum.
b. *Bussinum varð steðgað, áðrenn hann fór oman av vegnum.

Men ved andre verb må ein halde på dativforma, f.eks. ved *trúgva*, *takka* o.fl.

Færøysk er her altså på overgangssteget mellom det gamle og eit nytt system. Norske dativialektar har gjennomført det nye, og dativ (= D) kan ikkje brukast i setningar som (18–19):

- (18) *Manna (D) vart grundig takka den kvelden.
(19) Mannen vart grundig takka den kvelden.

B. Subjektlyfting av indirekte objekt:

Eit indirekte objekt kan ikkje skifte kasus i færøysk:

- (20) Gentuni varð noktað politihjálp

I norsk er nominativen eller nemneforma innført her også:

- (21) Jenta blei nekta politiassistanse.

C. Subjektlyfting av styring til preposisjon:

Færøysk kan heller ikkje gjere styringa til ein preposisjon om til subjekt i nominativ, dvs. i pseudopassiv:

- (22) *Hann bleiv tikin væl ímóti
(23) *Hon bleiv skotin eftir
(24) *Barnið verður væl ansað eftir

Arkaiske norske dativdialektar har heller ikkje slike konstruksjonar. Her ser vi at det dreiar seg om restriksjon mot styring til preposisjon allment, ikkje berre til styringar i dativ:

- (25) *Han blei teken vel imot
 (26) *Ho blei skoten på
 (27) *Barnet blei godt passa på

Her er norsken no tydeleg i ein overgangsfase, for somme også i dativområdet har ingen problem med setningar som (25–27). Dei som ikkje godtek siste passivvendingane i (25–27), kan derimot bruke upersonleg passiv:

- (28) Det blei teke vel imot honom
 (29) Det blei skote på ho
 (30) Det blei passa godt på barnet

Det same gjeld i færøysk:

- (31) Tað bleiv tikið væl ímóti honum
 (32) Tað bleiv skotið eftir henni
 (33) Tað verður ansað væl eftir barninum

Her ser vi altså noko som liknar ei trapp. Færøysken har teke første steget. Norsk har òg teke andre steget, og ein del dialektar tredje og siste. Norsken er langt på vegen til det som blir kalla eit konfigurasjonelt språk, dvs. at det er setningsposisjonen som avgjer kasusmarkeringa, ikkje den semantiske rolla (Faarlund 1990.)

I dette tilfellet hjelper færøysken oss til å tolke dei norske dataa inn i eit mønster. Ertersom mønsteret kanskje følgjer eit generelt løp i retning av konfigurasjonelle språk, bør vi i figur 7 hake av for strukturell styring av utviklinga. Fleire historiske data frå norsk om andre og tredje steget kunne ha hjelpt oss å påvise mønsteret og dermed den *indrespråklege betinginga* betre.

e. Samansette partisipp

Færøysk har ei mengd samansette partisipp til liks med norsk, men ulikt islandsk og norrønt:

- (34) Nú er hon flandkomin
 (35) Hann er burturbeindur
 (36) Hann verður útafturlouystur
 (37) Tað er úrthonungingjð

Adverb, preposisjonar og preposisjonsfrasar blir sette til partisippet. Dei norske dialektane som går lengst i slike samansettingar, kan også ha preposisjonsfrasar der styring står i bestemt form. I gudbrandsdalsk har eg komme over setningar som:

- (38) Han var utigrøftadotten

Islandsk har nokre få tilfelle av samansettingar med partisipp der samansettinga har fått rein adjektivfunksjon, dvs. at dei er ei beskriving av ein tilstand:

- (39) Úthaginn var veruliga sundurgraffinn

I norsk og færøysk treng ikkje konstruksjonen ha tilstandstyding, han kan òg bli brukt i handlingspassiv:

- (39) Fisken blir opphengd til tørk

Jamvel om adjektivfunksjonen truleg er opphavet åt denne konstruksjonen, er den sterkt utvida bruken i færøysk og norsk svært særprega. Så spesiell er han at det er rimeleg at kontakt har gjort det mogleg å utvikle den omfattande og svært parallelle bruken. Det er i alle fall vanskeleg å finne ei strukturell drift som skulle gi preferanse til slike konstruksjonar, jf. markeringa i figur 7 i seksjon 4.4.

At ein adjektivfunksjon er opphavet, kan få støtte i at samansette partisipp faktisk kan brukast der vanleg passiv ikkje fungerer. Eg nemnde ovanfor at passivvendingar som 'Han blei teken godt imot' ikkje er gangbare i somme norske dialektar. Men setningar som (41–42) er heilt kurante.

- (41) Han blei godt imotteken
 (42) Ungane blei godt påpassa

I desse setningane blir det nemleg ikkje ståande igjen ein preposisjon som manglar styring: det er ingen tom plass eller noko spor der eitkvart skal

vere styrt, for det samansette partisippet (eller adjektivet) styrer ikkje noko (Sandøy 2000). Setning (43) illustrerer dette at preposisjonen blir ståande utan noko å bruke styringsviljen/-krafta på:

(43) *Han blei teken godt imot _____.

I færøysk er dette heilt likeins:

(44) Han bleiv væl ímótítikin

(45) Barmið verður væl eftiransað

Ikkje nok med denne likskapen mellom norsk og færøysk: Dei to språkka har også parallelle restriksjonar på konstruksjonen, for verken norsk eller færøysk kan ha:

(46) *Ho blei påskoten

(47) *Hon bleiv eftirskotin

Denne likskapen i noko så spesielt er så stor at han kan neppe vere tilfeldig.

4.4. Oppsummering

Dei diskusjonane som no er gjennomførte for morfologi og syntaks, kan summerast opp som i figur 7. Der avgrensar vi oss til å markere om det kan argumenterast for indre strukturelt press for endring og morfologisk/syntaktisk løysing, ettersom vi har inga oversikt over kronologien – til skilnad frå dei fonologiske endringane, som vi sette opp tilsvarende skjema for i figur 4.

Figur 7:

Endring	Same strukturelle presset for endringa	Strukturelle argument for same morf./synt. løysinga
<i>Morfologi:</i>		
a) <i>hesin – hasin</i>	÷	÷
b) <i>náddi, doyði</i>	✓	✓
c) <i>brúkar – brúkti</i>	÷	✓
<i>Syntaks:</i>		
a) Plassering av setn.-adv.	✓	✓
b) Supinumattraksjon utanom irrealis	✓	✓
c) Passiv infinitiv	÷	÷
d) Passiv vendingar ved dativ-NP-ar	✓	✓
e) Samansette partisipp	÷	÷

Her pressar vi altså forklaringane våre slik at vi prøver så langt råd å forklare fenomenen som resultat av indrespråkelege preferansar. Å hevde at noko er resultat av kontakt, kan vere svært lettvinnt, mens å vise til språkstrukturelle vilkår, krev trass i alt konkretisering og større presisjonsnivå. Og vi bør gå denne vanskelege vegen først. Trass i velviljen overfor indrespråkelege forklaringar blir vi ståande att med fleire fenomen som er markerte med ÷; for dei er dermed kontakt ei nærliggjande forklaring.

5. Faktisk historisk samband

Forfedrane våre hadde stor kontakt, meir enn mange trur. Eg er ikkje den første som har grubla på sambandet mellom færøyingar og nordmenn; f.eks. har Eivind Weyhe i ein artikkel frå 1996 spekulert på om bestemt form av personnamn, som han kjenner frå Suduroy, er resultatet av påverknad frå bergensk eller hordalandsk.

Vi kan dra fram nokre historiske fakta som kan vise nær kontakt: Kontakten med Island blei altså dårleg etter 1400, jf. seksjon 4.1. Det kunne gå år utan kontakt dit i det heile, og det er belagt i rekneskapsbøker at bispesetet i Bergen fekk problem med å hente avgifter det hadde rett på

frå eigedomar der borte. Men kontakten mellom Færøyanane og Noreg derimot har truleg vore sterk i enda to hundreår, til ca. 1620. Det er så lenge at mye av det som ein kanskje trur er skandinaviske trekk komne frå dansken og inn i færøysk, kan vere fenomen som har "smita" frå Noreg, for eksempel morfologiske og syntaktiske drag som er nemnde ovafor. Leksikalsk påverknad kunne truleg ha vist noko tilsvarande, men den treng ein annan type drøfting og analyse.

Kontakten mellom Noreg og Færøyanane var stor i mellomalderen, og på Færøyanane fanst det rikfolk som tydeleg ikkje var berre heimfødinger. Det store Húsavík-godset på Sandoy åtte kring år 1400 to gardar i Bergen, det hadde eigedomar i Rogaland og Sogn og dessutan på Shetland (Debes 1995: 113). Dette føresette at færøyingane reiste og dels flytta att og fram, må ein tru. Handelsreisene gjekk først og fremst til Bergen som var stapelplass og hadde monopol på handelen. Der har det nok funnest ein "koloni" av færøyingar. Absalon Pederson Beyer fortel om fleire færøyingar i Bergen på 1500-talet, og nokre av dei dreiv handel; det gjorde i alle fall to namngitte båteigarar, nemleg Nils Helgason og Magnus Heinason, som begge budde i Bergen og handla på Færøyanane i siste halvparten av 1500-talet.

Magnus er verd eit eige avsnitt: Faren, Heini Havreki, var norsk prest i Oyndarfjórður på Færøyanane. Magnus blei med faren tilbake til Noreg i 1560 15 år gammal, og han slo seg ned i Bergen i 1566 og sigilde på Færøyanane derifrå. Han blei gift med ei rikmannsdatter i Noreg, og etter at han fall i unåde og blei halshogd i 1589, flytta i alle fall eine sonen frå Bergen til Færøyanane og fekk stor slekt her. Da kan vi undrast: Kva språk snakka slike som Magnus og sonen? Eller for den del broren Jóan, som ei tid var lagmann på Færøyanane. Foreldra var altså norske. Vi har dokumentasjon på at Jóan tok seg ein tur til Bergen i 1597, for da gav han frå seg eit handskrift med ymse lovavskrifter til borgaren Svend Storm.²⁰

Vi kan òg ta med at Peder Clausson Friis brukte ein færøying som informant da han skreiv om øyanane; det var ein elev ved latinskolen i Stavanger. Presten Lucas Debes, som kom til Færøyanane ikring 1650 – dvs. 30 år etter brotten med Bergen – fortel i boka *Færøe et Færoa reserata* at han treffe folk som hugsa at færøyingane sjølve sigilde til norskekysten og handla til seg m.a. tømmer der. Det fekk dei faktisk kongsløyve til i 1571. Løyvet mista dei to år etter, men dei har truleg drive med denne siglinga alt før løyvet blei skriftfesta, og kanskje òg etter dei mista det. Og dei hadde altså store nok båtar til dette!

Nordmenn slo seg ned på Færøyanane. I katolsk tid var dei fleste bispane norske, og etter reformasjonen skal det ha vore fleire norske prestar som

fekk kall på Færøyanane, ikkje berre Heini Havreki. Såleis har det vore tett kontakt mellom fastlandet og Færøyanane. Kontakten kan ha vore av den typen at intrikate fenomen kunne lærast av barn ved ein naturleg læringsprosess – slik Trudgill har poengtert.

Denne kontakten varte til 1620. Da blei det brått slutt, for Færøyanane skulle ikkje lenger ligge under Bergen stift, men no Sjælland, og mono-polhandelen skulle drivast frå København. Det var frå no av at Færøyanane blei effektivt isolerte nokre tiår, og dei opplevde den såkalla Gablaföðin, som var ei lang rekkje med hungersår med kuing under lensherrane Kris-toffer og Fredrik Gabel – eller deira underordna i Tórshavn.

Det ligg ei oppgåve for ein allmennhistorikar i å kople opplysningane og vurdere kor intens og omfattande kontakten kan ha vore. Det *språkkhis-toriske* arbeidet blir å finne ut kva språkpåverknader som kan ha komme før 1620 – og dermed truleg er norske – og kva som har komme seinare – og truleg er danske.

6. Avslutning

Vi skal ikkje gløyme heilt forholdet til islandsk. Vi skulle gjerne hatt meir konkrete kunnskapar om kor stor eller liten kontakt det var mellom Færøyanane og Island fram til 1800-talet. Språkleg er det slik at dei fleste felles- draga mellom færøysk og islandsk er arkaismar, og det gir oss eit meto-disk og teoretisk problem: Dersom vi kan påvise både sosial kontakt og felles språkendingar – som mellom Noreg og Færøyanane – vil dei språkle-ge dataa kunne seiast å vere ei stadfesting av det sosiale. Men kan vi påvi-se arkaismar og felles kontakt, kan vi ikkje på same måten la arkaismane stadfeste den sosiale kontakten, for dei hadde kanskje vore der likevel.

Ei teoretisk frukt av drøftinga ovafor er at dersom det er slik at felles-utviklingane mellom færøysk og norsk heldt fram etter 1400 innafor mor-fologien og syntaksen, men ikkje innafor fonologien, får det oss til å undrast over om dei grammatiske nivåa gir ulike vilkår for påverknad.

Dermed er det vist at færøysk er interessant språkhistorisk også utafor færøysk. Målet med denne artikkelen har vore å illustrere korleis spør-smålet om kontakt kan testast meir konkret enn det som er vanleg i gene-relle omtalar. Fleire språkdrag kan skøytast på lista over fenomen som kan brukast i laboratorietesten, der ein prøver ut dei strukturelle føringane på endringane. Dette kan vere ei nyttig øving – sjølv om ein godt veit at

strukturelt press og ytre påverknad ofte verkar saman. Færøysk gir altså framifrå materiale til diskusjonen av kontakt og isolasjon i språkutviklinga.

Noter

1. Eg takkar Kurt Braummüller, Jógvan í Lon Jacobsen, Oddvar Nes og Eivind Weyhe for nyttige merknader til denne artikkelen.
2. Debes (1995: 34) viser til at Hundabrevið frá ca. 1350 nemner om lag 40 bygder, og i tillegg reknar Debes opp ni andre bygder som ein kjenner frå andre mellomaldertekster. Side 157 refererer Debes at både Peder Claussøn Frits og eit krongodsregister frå 1709 opplyser om 39 kyrkjer frå tida etter reformasjonen. Eit påliteleg tal på kyrkjer frå før reformasjonen finst ikkje.
3. Dette siste momentet kan gi som resultat ei kvantitetsomlegging.
4. Dei norske dataa er henta frå vossamål, hardingmål og osterøymål (Heggstad 1932: 29, Vidsteen 1885: 29, Rundhovde 1965: 135). Vossamålet og osterøymålet er einaste sørvestnorske dialektane med dativ i bruk til 1900-talet. Lang konsonant er i eksempla i tabellen skriven dobbel for å lette samanlikninga med norrønt. Ustemt *d* og *n* er av same grunn ikkje markerte.
5. Eit anna sett er det nordvestlandske og hallingdalske: *denne* – *dette* – *desse* for det nære og *denna* – *detta* – *desa* for det fjerne.
6. Braummüller (1980: 226-231) drøftar ein alternativ etymologi for dei førøyske pronomenerne, men forklaringa hans endrar ikkje på poenget her.
7. Vokalvariantane *e* og *a* kan retnok tenkjast å vere delvis analoge til dei ein finn i *hér* og *þar*.
8. Mangstad i norsk er det *t* som er brukt i det produktive suffikset etter *r*: *førte*.
9. Mangstad er ein analogisk *t* sett inn i preteritum dei siste generasjonane: *spurre* > *spurte*.
10. Verba *deyja* og *geyja* var sterke i norrønt, og *bíta* var eit reduplikasjonsverb. Preteritumsformene var *dó*, *gó*, *bjó*, men dei må tidleg i norrønt (som i skandinaviske) ha fått sekundære preteritumsformer, og da etter den gamle *døma*-klassen: *deyði* osv. Stjernene markerer ikkje-belagte, altså rekonstruerte former; og her kunne vi kalle dei mellomfærøyske former. (Hammershaimb 1891: CX fortel at preteritumsendinga i Viðoy, Svínøy og Fugloy var *-di* i staden for *-ði*.)
11. Eivind Weyhe har gitt meg to interessante tilvisingar til forma *búddist* (dvs. refleksivforma i preteritum) i kvedeoppskrifter: I "Fuglakvæði" i Jóannes í Króki: *Sandoyarbók II* (1982) s. 256 strofe 26, og i "Risín av Leittrabergi" i J. H. Schrøter: *Færøyske viseoptegnelser* (utg. ved Chr. Matras 1951) i strofe 19. (Formene er skrivne "buddist" og "buddist".) Desse belegga kan tyde på at

strategien for og omfanget av reparasjonen har variert tidlegare. "Fuglakvæði" er laga rett etter 1800 og oppskrive i 1824, og "Risín av Leittrabergi" er mye eldre, men er altså oppskrive av Schrøter (1771-1851) kring 1820.

12. Her held ein sjølyvsagt utafør norske dialektar som har fått samanfalltet *-er* + *-ar* > *-er* i presens.
13. Marius Staksberg hjalp meg med å finne fram aktuelle verb frå den elekttroniske versjonen av *Færøysk orðabók*. For *meina* gjeld denne bøyinga berre i tydinga 'tenkje, seie', og for *riða* 'knyte, binde'.
14. I islandsk er denne bøyingstypen kjend berre i importordet *meina* (jf. Jón Gíslason 1996: 79), som kom inn alt i norrøn tid. I norrønt fanst dessutan det "motsatte" tilfellet: at verb i *e*-konjugasjonen hadde partisipp på *-at*, mens presens hadde *-ir* (og preteritum *-ði*): *spara* – *sparir* – *sparði* – *sparat*.
15. Opplyst av Vidar Reinhammar.
16. Herifrå er * brukt for å markere ugrammatiske/uakseptable setningar.
17. Attraksjonen står svakt i sentralvestnorsk i dag, jf. Sandøy (1991: 254), dvs. den dialekten færøysk har hatt mest kontakt med. Men Aasen (1864: 306 [§324, Anm.] opplyser at "Denne Brug er meget sædvanlig i de vestlige Egne", så det kan ha skjedd ei endring siste generasjonane.
18. Den danske *s*-konstruksjonen har i tillegg til å vere passiv også eit iterativt og unntak i færøysk (krav eller forbod) (Allan o.fl. 1995: 316). Det finst nokre få omntak i færøysk der *st*-passiv er brukt i finte former med modalt innhald: 'Hetta selst ikki.'
19. Eg takkar Jógvan í Lon Jacobsen for informantopplysningane om færøysk på dette punktet.
20. Dette handskriftet hadde tidlegare vore i Sverige, som igjen viser kontakten. Jamfør Gustav Storm: *Norges gamle Love indtil 1387. IV. Kristiania: Grøn-dahl & Søn*, 609.

Litteratur

- Allan, Robin, Philip Holmes/Tom Lundskjær-Nielsen (1995): *Danish. A comprehensive grammar*. London: Routledge.
- Barnes, Michael P. (1992): "Faroese syntax – achievements, goals and problems." I: *The Nordic languages and modern linguistics* 7 (J. Louis-Jensen/J. H. W. Poulsen, red.). Tórshavn: Føroya Fróðskaparfelag, 17–37.
- Barnes, Michael P. (1998): *The Norm language of Orkney and Shetland*. Lerwick: The Shetland Times Ltd.
- Braummüller, Kurt (1980): "Bifurcating changes in morphology: the case

- of demonstrative pronouns in West Nordic." I: *The Nordic languages and modern linguistics* (Even Hovdhaugen, red.). Oslo: Universitetsforlaget, 223–232.
- Brekke, Olga (2000): *Saltendialekten. En grammatikk*. Fauske: Skjerstad og Fauske bygdeboknemnd.
- Brú, Heðin (1979): *Føðgar á ferð*. (5. útg.) Tórshavn: Thomsen.
- Chapman, Kenneth G. (1962): *Icelandic–Norwegian linguistic relationships*. Norsk Tidsskrift for Sprogvidenskap. Suppl. bind VIII. Oslo: Universitetsforlaget.
- Debes, Hans Jacob (1995): *Føroya søga 2. Skattland og len*. Tórshavn: Føroya Skúlabólagrunnur.
- Debes, Lucas (1673): *Færoæ et ferœa reserata. Det er: Færøermis oc færøeske indbyggeris beskrivelse*. København: Christian Geertson.
- Faarlund, Jan Terje (1990): *Syntactic change. Towards a theory of historical syntax*. (Trends in Linguistics. Studies and monographs 50.) Berlin, New York: Mouton de Gruyter.
- Grønvik, Ottar (1998): *Untersuchungen zur älteren nordischen und germanischen Sprachgeschichte*. (Osloer Beiträge zur Germanistik, Bd. 18.) Frankfurt am Main: P. Lang.
- Hammershaimb, V. U. (1891): *Færøysk Anthologi I. Tekst samt historisk og grammatisk indledning*. København: Møller & Thomsen.
- Hammershaimb, V. U. (1900): *Hit føroyska Bókafélagið. I. Ársbók Førya bókafelegs*. Tórshavn, 25–27.
- Haugen, Einar (1970): "The language history of Scandinavia: A profile of problems." I: *The Nordic languages and modern linguistics* (Hreinn Benediktsson, red.). Reykjavík: Vísindafélag Íslendinga, 41–86.
- Haugen, Einar (1976): *The Scandinavian languages. An introduction to their history*. London: Faber and Faber.
- Heggstad, Leiv (1932): *Vossemålet*. (Vossabygdene XXII.) Voss: Voss sogelag.
- Holmberg, Anders/Christer Platzack (1989): "The role of AGR and finiteness in Germanic VO languages." I: *Working papers in Scandinavian syntax* 43, 51–76.
- Hreinn Benediktsson (1962): [Bokmelding av] "Kenneth G. Chapman. Icelandic–Norwegian Linguistic Relationships." I: *Íslensk tunga* 3, 152–162.
- Hreinn Benediktsson (1970): "Aspects of historical phonology." I: *The Nordic languages and modern linguistics I* (Hreinn Benediktsson, red.). Reykjavík: Vísindafélag Íslendinga, 87–129.

- Höfler, Otto (1955–56): "Stammbaumtheorie, Wellentheorie, Entfaltungstheorie." I: *Beiträge zur Geschichte der deutschen Sprache und Literatur* 77: 30–66, 424–476; 78: 1–44.
- Indrebø, Gustav (1951): *Norsk Målsoga*. Bergen: Norsk Bokreidingslag.
- Jespersen, Otto (1895–96): "En sproglig værdiforskydning. OG = AT." I: *Dania* 3, 145–182.
- Jón Gíslason (1996): *Beygingarflokkun veikra sagna*. (MA-avhandling.) Reykjavík: Málvísindastofnun Háskóla Íslands.
- Larsen, Amund B. (1917): "Nabooopposition – knot." I: *Maal og Minne*, 34–46.
- Larsen, P. Harms (1970): "To bidrag til beskrivelsen af 'non-realis' i dansk." I: *Nydanske studier* 1, 34–41.
- Lockwood, W. B. (1964): *An introduction to modern Faroese*. [2. oppl.] København: Munksgaard.
- Magnús Stefánsson [u.å.]: "Island i middelalderen." [Stensil.] Bergen.
- Milroy, James (1992): *Linguistic variation and change*. Oxford: Blackwell.
- Milroy, Lesley (1980): *Language and social networks*. Oxford: Blackwell.
- Nordgård, Torbjørn/Tor Áfarli 1990. *Generativ syntaks. Ei innføring via norsk*. Oslo: Novus.
- Pedersen, Inge Lise (1991): "Dagligsproget – lokalsprog eller klassesprog?" I: *Auditorium X. Dansk før, nu – og i fremtiden?* (Erik Hansen o.fl., red.). København: Amanda, 48–71.
- Pedersen, Inge Lise (1996): "'Der kan jo være nogen der kan itte tale det'. Om hovedsætningsordstilling i bisætninger." I: *Studier i talesprogsvariation og sprogkontakt. Til Inger Ejskjær på halvfjerdsårsdagen den 20. maj 1996* (Bent Jul Nielsen/Inge Lise Pedersen, red.). København: Reitzel, 242–251.
- Rundhovde, Gunvor (1965): *Målet i Hamre. Ljodvokster og stutt utsyn over formverk i eit Nordhordlandsmål*. (Årbok for Universitetet i Bergen 1962 nr. 3.) Bergen: Universitetsforlaget.
- Sandøy, Helge (1977): "Island: Historia ligg gjømt i språket." I: *Språkpolitikk på fem kontinent* (Lars S. Vikør, red.). Oslo: Det Norske Samlaget, 75–98.
- Sandøy, Helge (1991): "Attraksjon av supinum i færøysk og norsk." I: *Danske folkenål* 33, 251–262.
- Sandøy, Helge (1994): "Utan kontakt og endring?" I: *Dialektkontakt, språkkontakt och språkförändring i Norden. Föredrag från ett för-*

- skarsymposium (Meddelanden från Institutionen för nordiska språk vid Stockholms universitet. MINS 40) (Ulla-Britt Kotsinas/John Helgander, red.). Stockholm: Institutionen för nordiska språk, Stockholms universitet, 38–51.
- Sandøy, Helge (1998): "Breyting á hljóðlengd eða hljóðgildi?" I: *Íslenskt mál* 19–20, 45–84.
- Sandøy, Helge (2000): "Vitnemål frá ein dativbrúkar." I: *Dialekter och folkminnen. Hyllningsskrift till Maj Reinhammar den 17 maj 2000* (Lennart Elmevik, red.). Uppsala: Swedish Science Press, 231–239.
- Schmidt, Johannes (1872): *Die Verwandtschaftsverhältnisse der indogermanischen Sprachen*. Weimar: Böhlau.
- Seip, Didrik Arup (1952): *Omstridde spørsmål i norsk språkurvikling*. Oslo: Fabritius.
- Skautrup, Peter (1947): *Det danske sprogs historie*. Andet bind. København: Gyldendal.
- Torp, Arne (2000): "Stamtre, bølger, frø og kontakt: modeller for språkforandring innafor nordisk språkvitenskap." I: *Folkmålsstudier* 39, 413–428.
- Trudgill, Peter (1986): *Dialects in contact*. Oxford: Blackwell.
- Trudgill, Peter (1992): "Dialect typology and social structure." I: *Linguage contact. Theoretical and empirical studies* (Ernst Håkon Jahr, red.). Berlin, New York: Mouton de Gruyter, 195–212.
- Vannebo, Kjell Ivar (1989): "Rekonstruerende perfektum." I: *Norsk Lिंगvistisk Tidsskrift* 1/89, 3–16.
- Venås, Kjell (1974): *Linne verb i norske målføre*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Venås, Kjell (1977): *Hallingmålet*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Vidsteen, Chr. (1885): *Oplysninger om Bygdemaalene i Hardanger*. Bergen: Ed. B. Giertsen.
- Weyhe, Eivind (1996): "Personnavne i bestemt form." I: *Den ellefte norske navneforskerkongressen*. (Norma-rapporter 60.) Uppsala: Norma-förlaget, 341–357.
- Aasen Ivar (1848): *Det norske Folkesprogs Grammatik*. Kristiania: Det kgl. norske Videnskabers-Selskab.
- Aasen, Ivar (1864). *Norsk Grammatik*. Kristiania: Mallings.